



# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Radøy Sau Og Geit  
v/ Kåre Hole  
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 16/1500 - 16/13935

Saksbehandlar:  
Kjartan Nyhammer  
Kjartan.Nyhammer@radoy.kommune.no

Dato:  
03.11.2016

## Søknad landbruksdagen 2016

Delegasjonssak nr.:

### Saksutgreiing:

Me viser til søknad motteke 28.08.2016

Landbruksdagen i Austrheim er eit årleg arrangement der landbruksnæringa i heile Nordhordland er arrangør. Landbruksdagen er eit utstillingsvindu for landbruket retta mot innbyggerane i Nordhordland. Mange av aktivitetane er retta mot born og unge. Eit viktig formål her er å formidla kunnskap om matproduksjon og kor maten kjem frå. Men også mot vaksne der ein formidler produksjon og utstyr frå farne tider.

Vidare er det utstilling av maskiner og reiskapar for bønder og kåringssjå av vêrlam for sauehaldet. Arrangementet hadde meir enn 2000 deltakara innom portane i 2015.

Dei omsøkte pengane skal nyttast til transport, oppsetting og demontering av stort telt knytta til kåringssjået. Kåringssjået er knytta til Landbruksdagen og trekker mange skuelystne utanfor næringa. Kåringa er eit viktig tiltak i avlsarbeidet og er vidare ein viktig miljøskapar i det omfattande sauehaldet me har i Nordhordland. Sauehaldet er den viktigaste bidragsytar til det landskapet som endå er ope her i Nordhordland.

Radøy kommune ynskjer å bidra til å oppretthalde det flotte arrangementet «Landbruksdagen i Austrheim» og kåringssjået for Austrheim, Lindås, Meland og Radøy.

Konklusjon : Radøy kommune løyver kr 7500 i økonomisk støtte.

### Vedtak:

**Radøy kommune løyver kr 7500 til Radøy Sau og Geit. Pengane skal nyttast til Landbruksdagen i Austrheim 2016. Pengane vert utbetalt frå konto 14700 – 4500 – 3290.**

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Landbrukssjef Kjartan Nyhammer.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Kjartan Nyhammer  
Landbrukssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Bergfrid Tjore

**Mottakere:**

Radøy Sau Og Geit

v/ Kåre Hole

5938

SÆBØVÅGEN